

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

## Søknad om tilskot til praktbok

### Gunnar Stubseid: Femti legendariske hardingfeler 1750-1950

Bokbyen Forlag tillet seg med dette å søke Hordaland fylksekommune om tilskot kr 10 000 til praktbok om hardingfeler, med høg kvalitet både i tekst, foto og formgjeving. Ei vakker bok som yt rettferd til det gedigne handverket. Ca 200-250 sider, stort format 22 x 28 cm, innbunde.

Det fremste fagorganet for folkemusikk og folkedans i Norge, Rådet for folkemusikk og folkedans, har vurdert manuskriptet og bokprosjektet og gitt ei løyving på kr 30 000. For å få til eit praktverk som løftar fram den særnorske og internasjonalt kjente hardingfela er det nødvendig med ein brei dugnad også i finansieringa. Med grunnlag i dette søker vi fleire fagorgan, kommunar, fylkeskommunar og bankar om støtte. Praktverket **Femti legendariske hardingfeler** blir gitt ut hausten 2018.

Dei to bilda her er detalj frå "Ole Bull-fela" laga i 1750 av Isak Nilsen Skaar og fele laga av Gunnar M.A. Røstad (1912).



## Grunngjeving for søknad til Sparebanken Vest

Hordaland er saman med Setesdal og Telemark det viktigaste området for hardingfeletradisjonen. Dei eldste felene blei laga her, fleire av dei viktigaste spelemennene er frå Hordaland. Eldste bevarte hardingfela er frå Hardanger, bygt av Ole Jonssen Jaastad i 1651. Med grunnlag i dei kjeldene me har tilgjengeleg i dag var Hordaland hovudsetet for felebyggjartradisjonen på 16- og 1700-talet. Dei mest kjende felemakarane på denne tida var Isak Nilsen Skaar og Trond Isaksen Flatebø (Botnen-tradisjonen). Dei tre eldste felene i denne boka er laga av Isak Nilsen Skaar i Kvam, blant anna den såkalla Ole Bull-fela frå 1750. Granvin – og nå snart samanslegne Voss/Granvin – har hardingfela i kommunevåpenet. Ole Bull-akademiet er viktig



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

undervisningsstad, Arne Bjørndalsamlinga på Universitetet i Bergen er viktig kjelde også for denne boka, og mange av både felene, dei omtalte felemakarane og spelemennene er frå Hordaland – frå Ole Bull via Sigbjørn Bernhoft Osa til Knut Hamre og dei enda yngre.

Forfattaren Gunnar Stubseid var rektor på Ole Bull Akademiet 2002-2012, og var undervisningsleiar der frå 1998. Han fekk lærarutdanninga si ved Bergen lærerhøgskole og sidan har han teke magistergraden i etnologi på Universitetet i Bergen på avhandlingen *Frå spelemannslære til akademi*. Den kom ut som bok i 1992.

## Søknaden inneheld desse vedlegga

Presentasjon av bokprosjektet

Presentasjon av forfattaren Gunnar Stubseid

Presentasjon av Bokbyen Forlag

Liste over alle dei femti felene, med kort presentasjon (utdrag frå tekst)

Liste over kjelder

Bokbyen Forlag har e-postadresse [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no), telefon 37 16 40 30 og 415 50 778 og bankkonto 2801.11.04519

Med vennleg helsing  
Bokbyen Forlag AS

Solveig A. Røvik  
Forlagssjef



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

## Bokprosjektet

Norge har ein tradisjon i bygging av hardingfeler som kan ha røter heilt tilbake til mellomalderen. Når Setesdalsmusikken og -dansen nå er utnemnt som Norges kandidat til den eksklusive UNESCO-lista for immateriell kulturarv, er hardingfeletradisjonen heilt sentral. Eldste feleskrinet me kjenner er datert 1512 og finst i privat eige på Voss. Eldste bevarte hardingfela er frå Hardanger, bygt av Ole Jonssen Jaastad i 1651. Med grunnlag i dei kjeldene me har tilgjengeleg i dag var hovudsetet for felebyggjartradisjonen på 16- og 1700-talet i Hordaland. Dei mest kjende felemakarane på denne tida var Isak og Trond Botnen. På 1800-talet blei Telemark eit sentrum med Helland/Steinkjønndal-slekta, som i fem generasjonar laga hardingfeler. På slutten av 1800-talet og utover på 1900-talet arbeidde mange av dei mest kjende felemakarane i Christiania. Då etablerte Anders C. Kleven (opphaveleg frå Krødsherad) felemakarverkstad og butikk i byen, og han hadde lærlingar som seinare blei blant dei beste i landet. Dei meste kjende elevane til Kleven var Gunnar M.A. Røstad, Øystein Rudi, Ole Gundersen Skogly og Torleiv Frøysaa. Dei aller fleste av felemakarane utover på 1900-talet hadde eit grunnlag i dei store meistrane i Helland/Steintjønndalen-lina og Kleven/Røstad-lina.

## Legendariske hardingfeler

I denne boka tar Gunnar Stubseid føre meg mange av dei legendariske instrumenta som blei bygde i andre halvdel av 1800-talet og første delen av 1900-talet. Desse instrumenta er blitt "klassiske" – med det meiner eg dei er blitt mønster og modellar for seinare felebyggjarar. Dei er blitt eit ideal – det gjeld både tone, form, stil og handverk, på same måten som dei store italienske fiolinbyggjarane på 16- og 1700-talet er det for fiolinmakarar verda over. Dette gjeld i særleg grad ein del instrument etter Erik Johnsson Helland (1816-1868), Olaf G. Helland (1875-1946) og Gunnar M.A. Røstad (1874-1947).

I tillegg til at desse instrumenta er blitt "klassiske" innan hardingfeletradisjonen, er mange av instrumenta også knytte til våre største og mest kjende spelmenn. Dette er naturleg, ettersom dei beste spelemennene også vil ha dei beste instrumenta, og at det er svært mykje forteljetradisjon som knyter seg til dei mest berømte hardingfelene. Dette er munnleg tradisjon som ennå lever blant spelemenn og interesserte i miljøet.

Med utgangspunkt i dette materialet vil vi lage ei bok som tek utgangspunkt i å dokumentere dei mest kjende hardingfelene etter desse legendariske felemakarane. Forfattaren har oppsøkt eigarar av instrumenta og fylgt historia bakover. Her vil det blir rom for både faktaopplysningar og soger og forteljingar som har levt saman med instrumenta. Korte biografiske opplysningar om spelemenn som har bruka instrumentet er også med, i tillegg til omtale av nokre av våre mest kjende felemakarar. Sjølve instrumenta er sjølvstakt dokumentert grundig, både med tekst og bilete. I tillegg til eit rikt biletmateriale går forfattaren også i nokre tilfelle inn på materialbruk, stiltrekk og andre element ved instrumenta. Det blir også opplyst om kjende innspelningar med instrumentet (t. d. feler som det er vunne landskappleikar med, kjende NRK-opptak, CD-plater m m).

Vi meiner det er viktig instrument- og kulturhistorie som på denne måte kan takast vare på for ettertida. Det er eit faktum at mykje av dette forteljestoffet ikkje er skriva ned, men det lever som



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

ein viktig del av det levande "spelemannsmiljøet". Så er det slik at innsamling av levande tradisjonsstoff oftast er blitt gjort når tradisjonen nærast er borte, og ein finn berre restar av det stoffet ein ynskjer å ta vare på for ettertida. Ennå er mykje av dette stoffet levande og finst hjå spelemenn omkring i landet vårt. Men den nye generasjonen folkemusikarar er kanskje ikkje like interessert i stoff av denne typen, slik at det er viktig å gjere dette arbeidet no. Sikkert er det at dersom dette ikkje blir teke var på, vil mykje av stoffet bli borte for alltid.

Det er nyleg starta opp eit studium i bygging av hardingfeler ved Ole Bull Akademiet på Voss. Også ved Valdres folkemuseum er det nyleg ytt statlege midlar til arbeidet med å ta vare på kunsten å byggje hardingfeler. Denne boka vil vere ei viktig informasjonskjelde for dei som studerer og arbeider ved desse institusjonane. Boka vil innehalde både saks- og personregister, og vil vere interessant både i folkemusikkmiljøet og som kulturhistorisk dokumentasjons- og oppslagsverk. Eg ynskjer også å gje ut ei vakker og tiltalende bok, med illustrasjonar og bilete av høg kvalitet.

Denne boka, med grundig dokumentasjon av dei vakraste og mest kjende hardingfelene våre, vil vere ei kjelde til kunnskap og opplysning i ei tid då ein arbeider sterkt for å ta vare på den unike kunsten det er å byggje hardingfeler.

## Forfattaren

**Gunnar Stubseid** (fødd 1948) er utøvande folkemusikar, forfattar og lærar og administrator. Han var rektor på Ole Bull Akademiet på Voss 2002-2012. Han bur i Valle i Setesdal. Lærarutdanninga si fekk han ved Bergen lærerhøgskole og sidan har han teke magistergraden i etnologi på Universitetet i Bergen på avhandlingen *Frå spelemannslære til akademi*. Den kom ut som bok i 1992. Han har vore leiar for folkemusikk-samlinga ved Etno-folkloristisk institutt (1976), han var redaktør for *Spelemannsbladet* i ti år (1978-1988) og leiar i Norsk Folkemusikklag frå 1998 til 2001. Han var leiar for Ose Kulturverkstad og før han vart rektor på Ole Bull Akademiet, var han undervisningsleiar der frå 1998. Han er utøvande spelemann på hardingfele og har gjeve mange konsertar i Norge og utlandet. I september 2009 var han vekas P2-artist.

Gunnar Stubseid har gjeve ut mange bøker og medverka på mange plater, fire plater vart nominerte til Spellemannsprisen. *Slinkombas*, som han gav ut saman med Kirsten Bråten Berg, Hallvard T. Bjørgum og Tellef Kvifte fekk prisen i 1979.

I Bibsys er han oppført med 229 utgjevingar. Det inkluderer både bøker og spor på plater som han har vore med på.

## Prisar

Spellemannsprisen i 1979 (i lag med Kirsten Bråten Berg, Hallvard Bjørgum og Tellef Kvifte) for plata *Slinkombas*, og har i tillegg vore nominert for produksjonane *Slinkombas - og bas igjen* og *Rameslått*. I 1998, saman med Ale Møller, nominert til Spellemannsprisen for plata *Reisaren*. Kulturprisen i Bygland (1987), Ole Bull-medaljen (1983), Hilmar Alexandersen Musikkpris (2008) og Rff-prisen frå Rådet for folkemusikk og folkedans (2015) for kunstnarleg og pedagogisk arbeid med norsk folkemusikk. Plata *Gorrlaus* blei i 2008 nominert til to prisar i samband med Norwegian



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

Folk Music Award. Æresmedlem i Setesdal Spelemannslag. Bygningsvernprisen i Aust-Agder i 2014, tildelt av Aust-Agder fylkeskommune.

## Bøker

**Tippe, tippe tue.** Viser, aukerim og sullar etter Anna Stang. Norsk Folkeminnelag i kommisjon hjå H. Aschehoug & Co, Oslo 1980.

**Ungkar og spelemann.** Det Norske Samlaget, Oslo 1986.

**Frå Spelemannslære til akademi.** Om folkemusikkopplæring i Noreg. Forlaget Folkekultur, Bergen 1992 (nytt opplag i 1998).

**Sjøonna på Elbursfjell.** Alexander Seippel – livet og livsverket. Medforfattarar: Aasulv Lande og Sylfest Lomheim. Høyskoleforlaget 2001

**Sigbjørn Bernhoft Osa.** Spelemannen Sogene Slåttane Samtida. Eide Forlag 2003

**Ole Bull og folkemusikken.** Medforfattar: Håkon Asheim. Vigmostad & Bjørke 2010

Og ei mengd utgreingar, fagartiklar i fagtidsskrift og dagspresse.

## Musikkutgjevingar

**Slinkombas.** *Folkemusikk frå Agder.* LP/MC. Heilo, Oslo 1979

**Slinkombas - og bas igjen.** *Folkemusikk frå Agder.* LP/MC. Heilo, Oslo 1982

**SetesDalarna.** *Folkemusikk frå Sverige og Noreg.* Bjørn Ståbi, Per Gudmundsson, Maria Røiås, Kirsten Bråten Berg, Gunnar Stubseid LP/MC. Four Leaf Records, Stockholm 1984

**Friaren.** *Folkemusikk med Byglandsspelemennene.* MC. Sirmusic, Kristiansand 1987

**Rameslåttan.** *Folkemusikk frå Setesdal på hardingfele og bosoki.* Ale Møller og Gunnar Stubseid. LP/MC. Sirmusic, Kristiansand 1987

**Tarkjell Aslakssons Minne.** *Slåttar frå Setesdal på setesdalsfele.* Vidar Lande og Gunnar Stubseid CD/MC. Ose Kulturverkstad, Ose 1991

**Suède - Norvège.** *Musique des vallées scandinaves.* Ale Møller, Per Gudmundsson, Lena Willemark, Kirsten Bråten Berg, Gunnar Stubseid CD. Ocora, Paris 1993

**Reisaren.** Gunnar Stubseid og Ale Møller. Heilo/Grappa Musikkforlag, Oslo 1997

**The Pilgrim.** *A chinese-Norwegian concert Mass.* Dobbel CD. Den Nordiske Kristne Buddhistmisjon. Oslo 1998

**Slinkombas – og bas igjen.** Nyutgjeving - dobbel CD. Heilo/Grappa Musikkforlag, Oslo 2008

**Gorrlaus.** *Slått og stev frå Setesdal.* Soloalbum. Heilo/Grappa Musikkforlag, Oslo 2008

**Sterke slag.** *Meisterspelemannen Olav Hegland.* Trippel-CD. Hallvard T. Bjørgum og Gunnar Stubseid. Sylvartun Folkemusikk 2013

**Spor.** *Rameslåttan og Reisaren,* dobbel-CD. Ale Møller og Gunnar Stubseid. Grappa 2014

**Ferd.** *Music without borders* saman med Kirsten Bråten Berg, Hallvard T. Bjørgum, Sigurd Brokke, Annbjørg Lien m.fl. Grappa 2017

**Dreng.** *Meisterspelemannen Dreng Ose.* Hallvard T. Bjørgum og Gunnar Stubseid. Soloplate og fem dokumentar-CDar. Sylvartun Folkemusikk 2018

I tillegg representert med musikkinnslag på ulike samleproduksjonar, m a på den store serien *Norsk Folkemusikk 1-10* (NRK/Grappa 1995) og *Gjenklang – vår musikalske arv* (Heilo 2006). Har også vore produsent for nokre plateproduksjonar, og har delteke som studiomusikar med bl.a. Sondre Bratland, Ragnar Vigdal, Kirsten Bråten Berg, Anne Karin Kaasa og Birgit Lund



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

## Bokbyen Forlag

Blei etablert i 2006 i Tvedestrand, som ein del av Bokbyen ved Skagerrak. Forlaget er eigd av Bokbyen ved Skagerrak, Agderposten medier, Tvedestrandsposten, Tvedestrand Boktrykkeri og Aust-Agder Næringssselskap. Forlaget har til nå (mai 2018) gitt ut 120 bøker, både sakprosa lokalt, regionalt og nasjonalt, norsk og omsett skjønnlitteratur og barnebøker. Forlagssjef er Solveig A. Røvik, og Jan Kløvstad er forlagsredaktør for denne utgjevinga. Kjell Bitustøyl er fagleg konsulent for utgjevinga.

## Liste over dei femti utvalte legendariske hardingfelene, 1750-1950

### 1. Isak Nilsen Skaar 1750

*Eigar: Norsk Folkemuseum*

Den eldste hardingfela me kan knyte ei historie til er ei fele laga av Isak Nilsen Skaar (1669-1759) frå Hardanger. Fela er signert og datert 1750 av felemakaren. Isak Nilsen Skaar er den fyrste felemakaren me kjenner noko større til i Noreg, og han laga både fiolar og hardingfeler.

### 2. Isak Nilsen Skaar ca 1750

*Eigar: Ivar Brekke*

Fela er ikkje signert eller datert, men ut frå form og snekke/hovud er dette tvillaust ei Isakfele. Instrumentet har god tone og er i svært god stand. Dette er fela etter Olav Person Sekse (1823-96), som var mest kjend under spelemannsnamnet Folkedal. Namnet fekk han fordi han budde på garden [Folkedal](#) i [Hardanger](#).

### 3. Isak Nilsen Skaar 1753

*Eigar: Hardanger Folkemuseum*

Denne vakre Isakfela frå 1753 tilhørte i si tid den kjende spelemannen Ola Håstabø (1826-99) frå Granvin i Hardanger. Ola Håstabø hadde to Isakfeler, og dette er den mest kjende av desse.

### 4. Eilev Johnsen Steintjønndalen 1857 (1856?)

*Eigar: Ola Grihamar*

Erik Johnsen Helland (1816-1868) er kanskje den viktigaste representanten for det store felemakardynastiet Helland-Steintjønndalen i Telemark, som omfattar fem generasjonar felemakarar. ... Eldbjørg og Ragnhild Hemsing lånte denne fela då dei begynte å spele på hardingfele, og dei hadde fela til låns i fleire år.

### 5. Erik Johnsen Helland 1859

*Eigar: Hallvard T. Bjørgum*

Erik Helland begynte felemakarkarriera si, tilliks med broren Eilev, med å kopierer farens feler. Etter kvart utvikla han gradvis sin eigen og litt større hardingfelemodell. Mange av dei fremste spelemennene på denne tida skaffa seg slike feler. I løpet av 1850- og tidleg i 1860-åra eksperimenterte han med ulike felemodellar, og laga etter kvart endå større feler.



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

..... Då Rolf Stranger døydde kom fela til Blomqvist kunsthandel, og der blei fela seld til tekstilkunstnaren Synnøve Anker Aurdal. Ho kjøpte fela som syttiårspresang til mannen sin, biletkunstnar og spelemann Ludvig Eikaas.

## 6. Erik Johnsen Helland 1861 - Sigrid

*Eigar: Setesdalsmuseet*

Dette er ei svært berømt hardingfele og kanskje den som flest legendariske spelemenn har hatt i si eige. Den første som me veit hadde fela var Myllarguten. Så kjøpte Lars Fykerud (1860-1902) fela og tok henne med til Amerika, der han selde henne i 1894 til Eivind Aakhus (1854-1938), som så i sitt testament gav fela til lokalmuseet i Bygland. Så blei det Dreng Ose (1896-1990) som bruka og tok vare på instrumentet i mange år.

## 7. Erik Johnsen Helland 1861

*Eigar: Gro Marie Svidal*

Denne fela er bygd same året som den meir kjende Sigrid, men her kjenner me berre den seinare historia til fela. Me veit at ein av dei tidlegare eigarane var Alf Åsnes (1896-1981). Åsnes var frå Fjaler i Sunnfjord, men busett mesteparten av livet sitt i Oslo. Han var aktiv spelemann i Laget for Folkemusikk gjennom mange år. Det er ein vals etter Åsnes som blir kalla Åsnes-vals.

## 8. Eilef Johnsen Steintjønndalen 1862

*Eigar: Kjell Christian Midtgaard*

Kjell Midtgaard skriv om denne fela: ”- Denne fela var eid av grosserer og ambassadør Didrik Kongshem, som bodde dels i London og dels på Voksenkollen i Oslo, og han overtok og viderebygde også det kjente tunet på Lognvik gård mellom Øyfell og Rauland. Didrik Kongshem var interessert i folkemusikk og instrumenter, og han hadde en ikke ubetydelig samling hardingfeler, deriblant denne, og også et særlig fint toetasjes rødmalt og rose malt feleskrin som Myllarguten i sin tid hadde eid og med hans navn, Torgeir Augundson, innlagt i rosinen. .... Signaturlappen er håndskrevet: "Fabrikeret af Ellef Johnsen Steenkjøndalen 1862".

## 9. Erik Johnsen Helland 1863 – Myllarfela

*Eigar: Rauland bygdemuseum*

I boka *Minne frå Noreg og Amerika* fortel Eivind Aakhus om *Myllarfela*: ”Da Tarjei Augundson, som mest blev kaldt Møllergutten, døde i 1872, 71 Aar gammel, i Kosi paa Rauland, laa hans Violin efter ham. Den var gjort af Erik Johnsen Helland, Bø, som gjerne kan kaldes Hardangerviolinmagernes Stradivarius.”

## 10. Erik Johnsen Helland 1864 - Kjempa

*Eigar: Bø kommune*

Dette er ei også ei av dei mest namngjetne hardingfelene etter Erik Johnsen Helland. Fela har hatt eit omflakkande liv. .... I dag er det Bø kommune som eig fela, og ho finst i samlingane til Bø Museum.



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

## 11. Erik Johnsen Helland 1867 – Jordalsfela

Eigar: *Dextra*

Det går ei historie om at det var Ole Bull som tinga denne fela direkte av felemakaren, men at han ikkje kjøpte den fordi han var blakk. Siste delen av denne historia er truleg ikkje sann. Ole Bull hadde i åra 1865 - 1867 store triumfar på konsertar både i Russland og ute i Europa. ....

Fela er usedvanleg god og vakker, og er kanskje den siste fela Erik laga. Den har ekstra påkosta bruer og materialar, med heil botn av svartor, heil bakre sarg og fin tettvaksten gran i loket.

Gripebrettet er innlagt med bein og perlemor som er dekorert. ....

Ola Grihamar (jr.) overtok fela etter far sin, har bruka den fram til fela blei seld til Dextra Musica i 2018.

## 12. Knut Eilefsen Steintjønndalen 1887 – Fykerudfela

Eigar: *Kjell Christian Midtgaard*

Knut Eilefsen Steintjønndalen (1850-1902) var son til Eilef Johnsen Steintjønndalen, som var bror til Erik Johnsen Helland. ... Han eksperimenterte med felene for å få til ein kraftigare tone ved å auke tykkelsen på lok og botn. Han var ein meister både når det gjaldt lakk, rosing, og perlemorinnlegging. Perlemor fann han i Bøelva som var rik på elveperlemusling. På slutten av 1800-talet blei han av mange rekna for den beste felemakaren i landet.

## 13. Knut Eilefsen Steintjønndalen 1889

Eigar: *Hardanger Folkemuseum*

Denne fela har tilhørt Nils Ellingsson Tjoflot frå Hardanger, som var ein svært dyktig spelemann. Han var deltakar på dei fyrste kappleikane i Vestmannalaget i Bergen i 1896 og 1897, og han spela i bryllup, til dans og for turistar. Det finst i dag mange særmerkte runddansslåttar etter Nils. Tjoflotspel er eit kjent uttrykk i Hardanger.

## 14. Knut Eilefsen Steintjønndalen 1895

Eigar: *Kjell Christian Midtgaard*

Dette er ei heilt spesielt godt bevart hardingfele av Knut Eilefsen Steintjønndalen. Fela ser ut som om den kunne ha blitt henta frå felemakeren i dag, med lakk som ser ut som den blei lagt på i går og ikkje for over 125 år sidan. Fela har lege bortgøymd og ubruka i omlag 100 år hjå folk som har tatt vare på den og ikkje latt nokon bruke den.

## 15. Olaf G. Helland 1898

Eigar: *Annbjørg Lien*

Dette er ei av felene etter den legendariske spelkvinna Kristiane Lund (1889-1976). Ho var frå Bø i Telemark, og var på mange måtar ein pioner for at kvinner kunne spele hardingfele i eit elles svært mannsdominert miljø. Ho deltok som 14-åring på kappleik alt i 1903, og seinare på ei rekkje kappleikar med gode resultat. Kristiane Lund var sentral felespelar i Bø gjennom heile første del av



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)



# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

1900-talet. Annbjørg Lien (1971-) er ein av våre aller fremste norske folkemusikarar i sin generasjon.

## 16. Anders C. Kleven 1898 – Gullmedaljefela

*Eigar: Dextra Musica*

Felemakar Anders Christensen Kleven (1855-1909) var frå Krødsherad. Han reiste tidleg til Amerika og lærde felemakeri hos Peterson i Chicago og Schubert i St. Paul. I 1903 fekk han reisestipend på 400 kroner og reiste først til Hill i London, og så vidare til München der han gjekk i lære hjå den kjende italienske fiolinmakaren Guisepppe Fiorini i to månader. Han starta eigen felemakarverkstad i Christiania alt i 1890, og etter å ha flutt verkstaden nokre gonger etablerte han seg i 1904 i Tollbodgaden 28. Han fekk god økonomisk hjelp av sambygdingen og bryggerieigar Eilef Ringnes. Ein reknar med at Kleven laga kring 130 hardingfeler og 100 fiolar. På utstillingar henta han inn diplom frå Stockholm i 1897, gullmedalje i Bergen i 1898 og bronse i Paris i 1900.

## 17. Olaf G. Helland 1898 – Bronsemedaljefela

*Eigar: Sidsel Viken*

Det blei ein av sønene til Erik Johnsen Helland, Knut Eriksen Helland (1851–80), og seinare Eriks dotterson Gunnar Olavsens Helland (1852–1938), som førde felemakartradisjonen i familien vidare, saman med Eilev Johnsen Steintjønndalens to søner. I femte generasjon var det Gunnar Hellands fire søner og ein tremenning av dei som heldt fram med å byggje feler i Bø, Notodden, Skien og USA. Ein av desse sønene var Olaf G. Helland (1875-1946), som mange meiner blei den største av alle saman.

## 18. Gunnar O. Helland 1899 - Pantefela

*Eigar: Hallvard T. Bjørgum*

Denne fela blir i folkemusikkmiljøet kalla ”Pantefela” fordi eigaren, den kjende spelemannen Lars Fykerud, måtte pantsetje fela for å finansiere siste sjukehusopphaldet sitt.

.... Fela er no i privat eige og utstilt på Setesdalsmuseet (Sylvartun).

## 19. Olaf G. Helland 1904 - Solmøy

*Eigar: Hallvard T. Bjørgum*

Denne fela hadde spelemannen Hans Smeland i Seljord. I eit privat lydbandopptak som hardingen Knut Brattespe gjorde 10. september 1972 med Halvor Smeland, son til Hans, fortel Halvor at han ”var ti år då far fekk tak i Solmøy. .... Fela er i dag i topp stand og er blitt bruka av Hallvard Bjørgum både på innspelningar og konsertar.

## 20. Torleiv Frøysaa 1910 – Sølvmedaljefela



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

*Eigar: Einar Olav Larsen*

Torleiv Frøysaa (1867-1949) var felemakar og spelemann frå Hornnes, med slektsrøter frå Frøyså i Iveland. Han tok utdanning som lærar og busette seg på Gjøvik der han budde storparten av livet. Men i 1927 slutta han som lærar og flutte tilbake til Setesdal, der han omkom då heimen hans brann ned på Hornnes. .... Truleg bygde han i alt over 100 hardingfeler, mange av dei med svært høg kvalitet. Frøysaa høyrde til Christianiatradisjonen når det gjaldt felebygging.

## 21. Olaf G. Helland 1910

*Eigar: Hallvard T. Bjørgum*

Torleiv H. Bjørgum kjøpte denne fela av Bjørgulv Lund, busett i Arendal. Han var frå Valle i Setesdal, og det var denne fela Torleiv spela på då han brått døydde 9. februar 1990 på årsmøte i Setesdal Spelemannslag.

## 22. Olaf G. Helland 1911 - Sætergjenta

*Eigar: Gunnar Stubseid*

Konsertspelemannen Olav Hegland var fødd på Heggland i 1888. Han begynte tidleg å spele fele, og lærde fyrst av spelemenn i Austad sokn. ....

Skrivaren av denne boka fekk overta fela av familien i 1975. Fela er i dag i topp stand, og er blitt restaurert av felemakarane Sverre Hansen, Olav Viken og Sigvald Rørlien. Den er også fora i botnen (av Sigvald Rørlien), og soleis blitt meir stabil. Med Olav Hegland har fela vore med på konsertreiser over heile Agder, i Rogaland, Telemark og i Hordaland. I seinare år frå Canada i vest til Kina og Filippinane i aust.

## 23. Gunnar M. A. Røstad 1912

*Eigar: Marton Laksesvela*

Fela er i dag i topp stand, og representerer ei av dei beste Røstad-felene som er i bruk.

## 24. Gunnar M. A. Røstad 1912

*Eigar: Siri Dyvik*

Så langt me kjenner historien til denne fela var første eigar Nils G. Stærnes, opphaveleg frå Rollag i Numedal. Han hadde sportsforretning i Drammen. I fylgje spelemannen og folkemusikkjennaren Bjarne Bratås blei denne fela omtala som den beste fela i heile Numedal. .... Fela har svartor i botnen, og litt enklare roser på loket enn det Røstad til vanleg hadde. Fela er i dag i svært god stand og favorittinstrumentet til Siri Dyvik.

## 25. Gunnar M. A. Røstad 1912

*Eigar: Audhild Rygg*

Denne Røstadfela frå 1912 hadde først Knut Vågen på Møsstrand. Han var soneson til den legendariske spelemannen Håvard Gibøen (1809-1873). .....



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

Dette har seinare vore eitt av hovudinstrumenta til meisterspelemannen Leif Rygg. Fela er vakker og godt bygd, med svartor i botnen, og tonen er mjuk og fyldig. Leif har halde mange konsertar med denne fela, og han har også spela program i radio og plateinnspelningar med fela.

## 26. Gunnar M. A. Røstad 1912 – Røstaddronninga

*Eigarar: Voss kommune, Voss Sparebank og Voss Vekselbank*

Dette var hovudfela til legendariske Sigbjørn Bernhoft Osa (1910-1990). Både før og under krigen var Sigbjørn ofte i Oslo, ofte fleire månader om gongen. På denne tida vitja han mykje felemakar Gunnar Røstad som då ein periode heldt til i Brugata – ofte berre for å slå av ein prat og røe om feler og felemakeri. Gjennom dette venskapet fekk Sigbjørn umåteleg stor respekt og vyrnad for Røstad, både som felemakar og som menneske.

....

Dette er ei av dei vakraste felene Røstad har gjort. Sigbjørn rigga fela slik han ville ha hardingfelene sine – ny stol, fiolinstrenger og han tok bort den eine understrengen. Fela let svært godt med klar og kraftig tone i høve til Sigbjørn sin spelestil og teknikk, og fela fylgde Sigbjørn på konsertar, plateinnspelningar og program i radio og fjernsyn livet ut. Då Sigbjørn gjekk bort i 1990 kom ein til ei ordning slik at alle instrumenta hans blei kjøpte av dei to bankane på Voss og Voss kommune. Felene er no deponerte på Ole Bull Akademiet, og blir lånte ut til spelemenn som har bruk for gode instrument.

## 27. Gunnar M. A. Røstad 1913

*Eigar: Harald B. Knutsen*

Det var spelemannen Halldor Meland (1884-1972) som hadde fela frå ho var ny i 1913 og til 1922.

## 28. Olaf G. Helland 1913 – Sigri

*Eigar: Kjell Christian Midtgaard*

”Denne fela er ei utstillingsfele av Olaf G. Helland, som han fikk gullmedalje for på fylkesutstilling i Skien. Det er ei stasfele med hel bunn, utsøkt utarbeidede brett og strengholder - vidare tre prikker på stillepinnene, fem understrenger originalt og med kvinnehode skåret av treskjæreren Olav Fyrileiv i Heddal.

## 29. Gunnar M. A. Røstad 1914

*Eigar: Lars Underdal*

Denne fela er signert Kristiania, Krusesgt. 5, som var ein av dei mange adressene i Oslo der Røstad hadde verkstad. Fela blei laga som ”Jubileums- og utstillingsfele”, og har svært fin utforming og gode materialar. Fela er datert mai 1914, men sjølv dato er uviss, for dette er utydeleg på lappen. Fela fekk sylvmedalje på utstillinga. Grosserer Herbrand Hagen frå Numeland åtte fela i mange år, og spelemannen Torkjell Haugerud hadde fela på lån.

## 30. Olaf G. Helland 1914 – Nansenfela



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

*Eigar: Gunnar Stubseid*

På innsida av loket står skrive:

”Denne fela vart knust i posten 1914. Olaf kom seg aldri til å gjera den i stand – han døde 1946. Eg har no reparert den og laga nytt gripbret, strengehaldar og skruar, og div andre rettingar. Skien 30/3 1950

John G. Helland”

I 1914 deltok Olaf Helland på Noregs jubileumsutstillingen på Frogner i Kristiania i 1914. Han fekk sølvmedalje der, og denne fela blei seld til Fylkesmuseet i Telemark og Grenland. Fela finst i dag på Bø museum, og er eit praktinstrument som aldri er bruka.

## **31. Gunnar O. Helland 1915 – Veslemøy**

*Eigar: Hallvard T. Bjørgum*

Den legendariske spelemannen Jørgen Tjønne (1894-1985) kjøpte fela av Ånund Drottning. Denne fela blei heilt sentral i hans viktigaste spelemannsår på 1920- og -30-talet, og det var den han bruka då han gjorde dei kjende innspelningane i NRK 1935 og 1937. Då Jørgen kjøpte fela heiter det seg at dei laga ein heil seremoni av dette, som innebar at dei døypte henne i heimebrent og herda henne i snøfonna ei heil natt. Seinare blei denne fela legendarisk i kraft av den høge stillinga og det glimrande spelet som Jørgen fekk til på denne tida.

## **32. Olaf G. Helland 1916**

*Eigar: Kjell Christian Midtgaard*

Dette er fela som "consertspelemann" Jørund Nordgaard (1871-1944) frå Byglandsfjord i Setesdal hadde med då han utvandra til Amerika. Fela er spesielt påkosta, med kvinnehovud utskore av Olav Fyrileiv. Fela har også heil lønnebotn.

## **33. Gunnar M. A. Røstad 1916**

*Eigar: Knut Hamre*

Det er usikkert kven som kjøpte denne fela ny, men ein kjenner til at Hølje Landsverk i Tuddal åtte fela i 1950-åra. .... Knut Hamre kjøpte fela av Bjørn Wibe i 1995. Fela er i dag ei av Knut Hamre sine favorittfeler.

## **34. Olaf G. Helland 1919**

*Eigar: Hallvard T. Bjørgum*

I 1919 kjøpte Mikkjel Skjevraak frå Longeraak i Setesdal ei ny fele hjå Helland. På denne tida hadde Helland ein slags garanti – ein kunne sende ei nylaga fele tilbake dersom ein ikkje var nøgd med instrumentet. Skjevraak var ikkje blant dei beste spelemennene i dalen, og for å vere sikker på å få ei god fele sende han fela tilbake til Helland. Han fekk så denne fela datert 1919 tilbake. Difor må ein tru at Helland sende tilbake den beste fela han hadde, og det viste seg etter kvart at Skjevraak hadde



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

fått ei svært god fele. Seinare fekk Torleiv H. Bjørgum kjøpe fela for 700 kroner, og dette blei Torleiv si hovudfele. Fela har ein vâr og fyldig tone, og passa perfekt til spelet til Torleiv.

## 35. Gunnar M. A. Røstad 1919 – Brita

*Eigar: Arne Bjørndals Samling, Universitetet i Bergen*

Brita er namnet på hardingfela som Arne Bjørndal kjøpte direkte av Røstad i 1919. Dette skulle vere den høgst betala fele til då, 6000 kroner. Denne fela hadde så Bjørndal til sin død i 1965. .... Bjørndal bruka denne fela svært mykje, han fortalde sjølv at han hadde spela i 600 brudlaup.

## 36. Gunnar M. A. Røstad 1920 - Polarstjøna

*Eigar: Håge Bjaaland*

Fela er signert med original lapp av Røstad i 1920, og har nummer 101. Denne fela har den eineståande historia at den blei påbegynt på veg mot Sørpolen og ferdig på verkstaden til Røstad ni år seinare! Dette heng slik saman: Olav Bjaaland, kjend skilaupar frå Morgedal, var med på den eventyrlege ferda som Roald Amundsen gjorde i 1911, då han vann kappløpet om å kome først på Sørpolen. .... Bjaaland tok med seg felematerialar og verkty på Sørpolekspedisjonen i 1911, for han tenkte nok at det kunne bli lange dagar med uvêr og venting under ekspedisjonen. Slik hadde han noko å ta seg til medan dei venta på å kome vidare. Då han kom heim leverte han det påbegynte arbeidet til Gunnar Røstad, som hadde fela ferdig i 1920. På baksida av snekka har Røstad skriva POLARSTJØNA.

## 37. Gunnar M. A. Røstad 1920

*Eigar: Håkon Høgemo*

Denne fela fekk Odd Bakkerud kjøpe på Hønefoss i 1967. .... det er fela som Åse Teigland har i dag. I 1968 vann Odd Bakkerud landskappleiken på denne fela med slåtten Fanitullen, den forma som Einar Mjølunes seinare spele inn med gruppa *Christiania Fusel og blågress*, og som blei kjenningsmelodien til programposten *Norsktoppen* på NRK. Håkon Høgemo har også vunne landskappleik med fela. Det var i Førde i 1995. Han har også bruka fela på fleire plateinnspelningar.

## 38. John G. Helland 1920 – Hellandkanono

*Eigar: Voss kommune, Voss Sparebank og Voss Vekselbank*

John G. Helland var den siste felemakaren i Hellandslekta. Han var son til Gunnar Helland, og bror til Olaf G. Helland. Han hadde verkstad og musikkforretning i Skien, og her var Sigbjørn Osa mykje på besøk. Sigbjørn var blitt kjend med John alt i slutten av 1940-åra, og ei stund budde Sigbjørn og familien i eit husvære John hadde i Gjerpen. Ei stund tidleg på 50-talet arbeidde han på verkstaden til John når han ikkje var ute på speling. .... Sigbjørn fekk seinare låne denne fela og bruka henne mykje. Men han fekk ikkje kjøpe henne. Helland hadde i mange år eksperimentert med ein hardingfeletype som skulle liggje endå nærare den europeiske fiolinen enn det den moderne hardingfela gjorde, den feletypen som bestefaren Erik Johnsen Helland i 1860-åra hadde kome fram til. Hundre år seinare - i 1965 - lanserte John og Sigbjørn dette instrumentet som framtidens



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

konsertinstrument, ei ”ny” hardingfele med fiolinmensur (32,5 cm), flatare plater i lok og botn, rundare stol og fiolinstrenger. Dette resulterte i ein heftig debatt i mange av landets største aviser.

## 39. Olaf G. Helland 1921 - Sætergjenta

*Eigar: Hallvard T. Bjørgum*

Dette var hovudfela til spelemannen Kjell Midttun frå Voss. Eilev Åstveit kjøpte fela i 1921.

## 40. Gunnar M. A. Røstad 1922

*Eigar: Endre Maurstad*

Dette er storfela til Alfred Maurstad, ei fele som han hadde fram til han døydde i 1967, 71 år gammal. Enkja Gro kan fortelja at Alfred spela på fela kvar dag, også på sine eldre dagar. Fela har ein varm og klar tone, og instrumentet er eit typisk arbeid av Røstad når det gjeld rosing og perlemorinnlegging, men botn og lok er mindre kvelva enn vanleg for Røstad-arbeid. Spesielt botnen er nokså flat – på lag som ein vanleg fiolin. Fela er originalt bygd med fem understrenger, noko som ikkje er så vanleg frå Røstad si hand.

## 41. Olav K. Venaas 1925

*Eigar: Hallvard T. Bjørgum*

Olav K. Venaas (1877-1957) var frå Gransherad i Telemark. Han begynte tidleg med felemakararbeid, og skal alt i åtte-tiårsalderen ha laga den første hardingfela. Han var ein svært allsidig handverkar, og gjorde mange oppfinningar innan maskiner og tekniske fag. Han var ein meister til å smi knivblad, og gjorde sjølv all reiskapen han måtte ha til felemakararbeidet. Han samarbeidde både med Olaf Helland og Tjønn-felemakarane i Tuddal, og henta inspirasjon og modellar frå dei klassiske variantane, men hadde samstundes eigne modellar og særtrekk i felene sine som er lette å kjenne igjen. Olav K. Venås hadde ein stor produksjon, ein reknar med at han arbeidde kring 300 hardingfeler.

.....  
Denne hardingfela nyttar Hallvard T. Bjørgum til felestillet gorrlaus bas. "Ho er den beste til det stillet" fortel han. Fela er oktavharmonisert av spelemannen Bernt Balchen jr. og har understrenger som går heilt bak. Det var felemakar Anders C. Kleven som begynte med å rigge hardingfelene på denne måten. Gullmedaljefela til Kleven frå 1898 har også denne rigginga.

## 42. Gunnar Røstad 1926

*Eigar: Ola Grihamar*

På lappen inni fela står det ”Gunnar M.A. Røstad Eilert Sundtsgt. 27 Oslo anno 1926 Nr 115”. Fela har vore på Grihamar i Valdres sidan 1955.

## 43. Olaf G. Helland 1926

*Eigar: Audhild Rygg*



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

Meisterspelemannen frå Voss, Leif Rygg, fortalde at han kjøpte denne fela av Hallvard Ekre frå Åmotsdal i Telemark. - "Fela er eit av dei beste instrumenta eg har, men ho er ikkje utan problem – det har vore mykje rigging med stolar og pinne", har Leif fortalt.

## 44. Gunnar M. A. Røstad 1926 - Røstadkjempa

Eigar: Kjell Christian Midtgaard

Dette var favorittfela til meisterspelemannen Kjetil Løndal. Løndal var frå Tuddal, son til Svein Løndal, og Kjetil hadde to brør som var jamgode spelemenn: Olav og Einar. Men Kjetil var nok den mest kjende av Løndalbrørne, kanskje fordi han budde mesteparten av livet sitt i Oslo og hadde mange offisielle speloppdrag og program i radio og fjernsyn. Fela er nummerert som *No 113*.

Fyresdølen Olav K. Lie, også kalla *Sotaren*, kjøpte fela direkte av Røstad. ....

"Kjetil Løndal hadde fela fram til han døde 29. november 1987, og han sa til meg at det var den beste samtalepartner han hadde hatt. - "Spør du om noe der, så får du et ordentlig svar," sa han. Røstadkjempa gikk ved Kjetils bortgang videre til meg, Kjell Christian Midtgaard - som gave fra Kjetil Løndal."

## 45. Olaf G. Helland 1927

Eigar: Hallvard T. Bjørgum

Spelemannen Svein Løndal er fotografert med denne fela. ...Den 26. mai 1979 vart den nyrestaurerte stoga etter Knut Jonsson Heddi innvigd, og då blei Kjell Midttun invitert som gjestespelemann til konserten. Her var også Eilev Åstveit møtt fram, han som i 1921 hadde kjøpt Sæterjenta av Helland. Som vanleg overnatta Kjell hjå Bjørgum på Kåsland. Frå denne dag har Hallvard hatt fela. ...Med omsyn til denne fela så var spelemannen Knut Myrann låntakar og bruka den på stemner og landskappleik, og vann landskappleiken på Voss i 1976 med denne fela. Torleiv Bolstad lånte også fela i ein lengre periode, og i fylgje Olav Viken spela Torleiv inn mange av sine beste innspelningar med denne fela. ..." Dette er hovudinstrumentet mitt" fortel Hallvard Bjørgum. Det er gjort minimalt med endringar på alle desse åra, Håvard Kvanndal og Kjell hadde rigga fela, Sverre Hansen ny bjelke, som i tillegg til at Olav Viken har fullrestaurert gripebrettet med perlemor og innlegg. Fela har perlemor innlegging rundt og fem understrenger som originalt utstyr.

## 46. Olav K. Venaas 1931

Eigar: Hauk Buen

Denne fela har først tilhøyrt Anders Buen (1910-77). Han bytte til seg fela, som då var ny, i ei Krag Jørgensen-rifle. Anders Buen var spelemann og felemakar frå Jondalen ved Kongsberg. Buen lærde felemakarkunsten av svigerfaren Hans Johnsen Tjønn i Tuddal og Olav K. Venaas. Buen var også oppfinnar innan fleire tekniske område, og han eksperimenterte mykje med klangen i hardingfela. Han kom etter kvart fram til ein metode med *avstemming* av mellom anna lok og botn, slik at materialane i instrumentet skulle stemmast i høve til kvarandre i ulike system.

## 47. Olaf G. Helland 1932

Eigar: Kjell Christian Midtgaard



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)

# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

”- Denne fela ble kjøpt fra Olaf G. Helland av Kjetil Løndal i 1939. Handelen foregikk i Stortingsgata i Oslo, på fortauet utenfor Theatercaféen. Det var egentlig en annen som hadde kjøpt fela, men han kunne ikke betale den, og Kjetil hadde den med fra ham tilbake til Olaf G. Helland. Helland spurte om ikke Kjetil ville kjøpe den, og slo av prisen fra 400 til 300 kroner. Det ble handel der og da. Kjetil sa jamnt at han ikke kunne si hvilken av felene sine - "Kjempa" eller Hellandfela - som var best, så var den ene på topp og så den andre.

... Den har dyp, kraftig og bærende tone, særlig på grovstrengene. Fela er belagt og bunnen er særlig fin, i hel lønn, med svakt skråstilte flammer som seg hør og bør.

## **48. Gunnar M. A. Røstad 1932 – Iversenfela**

*Eigar: Gunnar Stubseid*

Dette er ei av dei siste felene Gunnar Røstad laga. Kanskje er det den siste, eg har i alle fall ikkje kome over feler som han har signert etter dette årstalet.

## **49. Olav K. Venaas 1945 - Tussebrure**

*Eigar: Bjørn Wibe*

Dette var ei av hovudfelene til meisterspelemannen Johannes Dahle (1890-1980). Dahle har truleg bestilt fela direkte av felemakar Venaas ettersom felemakaren har felt inn bokstavane J D i permor på gripebrettet mot salen. Me veit også at Venaas beundra Dahle som spelemann, så det er naturleg at fela er laga til Johannes. ... Johannes har gjort mange av sine innspelningar for NRK med denne fela. Fela har uvanleg fin botn i svartor, og ettersom det har vore ein liten kvist i materialen har felemakaren felt inn ein liten bit der denne kvisten har vore. Dette er eit nydeleg arbeid, og syner kor dyktig felemakar Venaas var. Stemmeskruane er også uvanleg fint arbeidde.

## **50. Olaf G. Helland 1945 – Tvistefela**

*Eigar: Hallvard T. Bjørgum*

Dette skal vere den nest siste fela Olaf G. Helland laga. Ho er blitt kalla ”Tvistefela” fordi det var denne fela spelemannen Gjermund Haugen kastebytte til seg av Olav J. Bleie i Hardanger. I 1953 blei det rettsak om denne handelen i Tinn og Heddal Herredsrett. ....Hallvard T. Bjørgum bruka Hellandfela frå 1945 då han vann landskappleiken i Bø i 1988. På dette tidspunktet var fela ein del av buet etter Kjell Midttun. Hallvard kjøpte denne fela og fire ander feler i buet etter Kjell i 1989. Denne fela er det teke ei mengde førstepremiar på kappleikar av Gjermund Haugen og Hallvard Bjørgum over ein 40-årsperiode.

## **Litteratur som kjelder for arbeidet**

Aksdal, Bjørn: Hardingfela. Tapir akademisk forlag 2009

Aksdal, B. m. fl.: Hardingfeledekoren. Norsk folkemusikklags seminar på Rauland 2013

Berge, Richard: Myllarguten Gibøen. Utgåve ved Olav Fjalestad. Noregs Boklag 1972

Kaasa, Halvard: Dans og spel. Bø trykk 1988

Kaasa, O., Storesund, A.: Olaf G. Helland – berømt felemakar og musikkhandlar. Musikk og Tradisjon 31 - 2017

Kaasa, Versto og Bry: Hardingfela. Det norske nasjonalinstrumentet. Grøndahl Dreyer Forlag 1997



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)



# Nye bøker

BOKBYEN FORLAG

- Lande, Vidar: Frøysaatradisjonen. Institutt for folkekultur, HiT 2005  
Linge, Olav: Ole Bull. Eige forleg 1953  
Ljones, B., Kvandal, H., Kjerland, A.: Felene etter Nils Tjoflot. Særprent av HARDANGER 1982/83  
Lærum, Ole Didrik: Spelemannen Sjur Helgeland. Det Norske Samlaget 1991  
Midtgaard, Kjell Chr.: Olaf G. Helland og felemakerkunst i Telemark fram til 1960-årene. Scordatura Forlag 2015  
Midtgaard, Kjell Chr.: Hardingfelemakaren Gunnar Røstad. Eige forlag 1997  
Nyhus, Sven: Hilmar Alexandersen – spelmanen og slåttene. BUL Steinkjer 2003  
Osa, Sigbjørn Bernhoft: Spelemannsliv. Ansgar, Oslo 1979  
Kaasa, Hallvard m.fl.: Spel og dans. Bø Trykk 1988  
Stranger, Rolf: I all fortrolighet. H. Aschehoug & Co. Oslo 1972  
Stubseid, Gunnar: Sigbjørn Bernhoft Osa. Spelemannen, slåttane, sogene, samtida. Eide forlag 2003  
Thomsen, Kjell: Norsk kappleiksoge. S. Botnens Boktrykkeri, Stord 1978  
Wisting, Alexander: Roald Amundsen. Det største eventyret. Kagge forlag, Oslo 2011  
Aakhus, Eivind: Minne frå Noreg og Amerika. Eige forlag 1930

Notat av Jan Kløvstad, forlagsredaktør



Bøkene får du i bokhandel eller fra Bokbyen Forlag  
[www.bokbyenforlag.no](http://www.bokbyenforlag.no)  
Telefon 37 16 40 30 – [post@bokbyenforlag.no](mailto:post@bokbyenforlag.no)